

# Bok på 1-2-3

## Den tolvte spelaren

Av Tor Arve Røssland

Tverrfagleg undervisningsopplegg for 7. trinnet i norsk og digitale ferdigheiter. Opplegget tek utgangspunkt i eit bokutdrag frå s. 14 til 26 og byggjer på eit opplegg frå Tid for ti utvikla av Foreningen !les. Som lærar set du deg godt inn i utdraget og opplegget på førehand, og tilpassar det til gruppa di.

### Tid: 90 minutt +

Denne lettlesne romanen tar opp aktuelle problemstillingar som rasisme, vald og trugsmål, og kor vanskeleg det er å fortelje om noko ein veit ein bør fortelje om, samstundes som ein har lova å ikkje seie noko. Historia blir etter kvart svært spennande og dramatisk, det går på livet laus. Og Kevin blir merkt av hendingane i Våg for resten av livet.

### Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor og finn fram utdraget av boka.
- Gode skrive- og teiknesaker.
- Digitale appar til å filme og redigere med, til dømes Clips og iMovie. Appen Stop Motion eller liknande kan nyttast dersom ein ønsker å lage animasjonsfilm.



### Formål

- Lese skjønnlitteratur på nynorsk og samtale om formål, form og innhald.
- Bruke lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga.
- Lytte til og vidareutvikle innspel frå andre og grunngje eigne standpunkt i samtalar.
- Presentere faglege emne munnleg med og utan digitale ressursar.
- Leike med språket og prøve ut verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar.
- Utforske samspelet mellom skrift, bilete og andre uttrykksformer og lage eigne samansette tekstar og/filmar.
- Skrive på nynorsk.



# 1 Før lesing

(15 minutt)

1 Handlinga i boka er lagd til 1980-talet.  
Kva slags forventningar har dokker til ei handling frå dette tiåret?

2 Kva får dokker til å grøsse?  
Gruppearbeid.

*Den tolvte spelaren* er ein grøssar. Del inn elevane i grupper og la dei diskutere:

- 1 Kva forventar dokker når dokker høyrer ordet grøss?
- 2 Kva må til for at dokker skal grøsse?
- 3 Kvifor er det nokon som grøssar meir enn andre?
- 4 Finst det forskjellige slags grøss? Forklar.
- 5 Kva slags andre grøssar-bøker og -filmar veit dokker om?
- 6 Kva må vere med i ein god grøssar?

Skriv ned stikkord.

3 Oppsamling i heil klasse  
Klassesamtale

Be gruppene fortelje kva dei har kome fram til.  
Del dei forskjellige typane grøss inn i grupper ut ifrå svara til elevane. Prøv til slutt å avgjere kva slags grøss *Den tolvte spelaren* kan vere, ut ifrå framsida og ingressen.



# 2 Lesing

(15 minutt)

Be elevane dele inn i avsnitt og markere:

- avsnitt som er spennande eller skumle
- setningar og formuleringar dei likar/ikkje likar

# 3 Etter lesinga

(Her kan dokker gjennomføre alt eller gjere eit utdrag)

## 1 Snakk om utdraget i grupper

(gruppearbeid)

La elevane sitte i grupper på 4 og ha ein samtale med utgangspunkt i følgjande spørsmål:

- Kva for avsnitt synest dokker er mest spennande? Er dokker einige?
- Kva for setningar/formuleringar har dokker valt å framheve? Har dokker valt dei same eller ulike setningar/formuleringar?
- Kvifor har dokker valt nett desse uttrykka?
- Boka er såkalla lettlesen. Er dokker einige i at ho er det?
- Korleis oppfattar dokker teksten?

## 2 Vurdering

(grupper på 4–5 elevar)

La deretter elevane ta stilling til utdraget:

- Likar dokker utdraget?
- Kva er dei 3 viktigaste grunnene til at dokker likar/ikkje likar teksten?

La elevane snakke saman i gruppa om kva dei synest er bra og/eller dårleg med teksten, og kva dei eventuelt synest kunne vore betre.

Be elevane lage to lister: ei liste over dei tinga som er med på å gjere teksten god (argument *for*), og ei liste over ting som dei meiner dreg ned kvaliteten på utdraget (argument *mot*).

Oppmod elevane til å skrive så mange fordelar og ulemper som dei greier.

## 3 Debatt i grupper à 4–5 elevar

(gruppesamtale)

Del gruppene frå oppgåve 2 i to. Den eine halvparten tar lista med argument *for* og den andre med argument *mot*. Elevane med argument *for* vert sette saman med ei anna gruppe med argument *mot*. Fyrstnemnde skal argumentere for at teksten er god, sistnemnde skal argumentere mot. Køyr debatt!

# 3 Etter lesinga (framhald)

## 4 Diskusjon i heil klasse (klassemøte)

Snakk om teksten med utgangspunkt i leseopplevingane til elevane. Still opne og autentiske spørsmål og oppfølgings-spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane.

I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande spørsmål inngå i samtalen:

- Kva synest dokker om Kevin?
- Kva trur dokker har skjedd med guten i garderoben?
- Trur dokker guten er ute etter Kevin eller nokon andre på laget og i bygda?
- Kva trur dokker tittelen *Den tolvte spelaren* spelar på?
- Veit dokker kva ein videofilm er? Forstår dokker kva videoforhandlaren meinte med «hugs å spole filmen tilbake?»
- Kvifor trur dokker handlinga er lagd til 1980-talet?
- Kva slags inntrykk får dokker av lagkameratane til Kevin?
- Enn trenaren?
- Har dokker sjølv nokon gang opplevd noko skummelt?
- Kva trur dokker skjer vidare?
- Synest dokker at utdraget er spennande? Skummelt? Kvifor/kvifor ikkje?
- Kva er det eventuelt ved utdraget som gjer at dokker grøssar?

Avslutt gjerne diskusjonen med ein meta-samtale: Vend tilbake til sjangerperspektivet frå førlese-samtalen og snakk om kva slags grøss dokker trur *Den tolvte spelaren* er. Diskuter også i kva grad utdraget levde opp til dei forventningane dokker hadde før lesinga. Trur dokker at fleire av desse forventningane blir møtte seinare i boken?

### 5 Aktivitetar

- 1 Lag ei teikning av guten i garderoben. Korleis ser han ut? Kven er han? Kva heiter han?
- 2 Skriv ei bokmelding av utdraget. Kva synest du var spennande? Kva likte du ikkje? Kva slags terningkast vil du gi utdraget?
- 3 Skriv ein grøssar om kven du trur guten i garderoben er, eller lag ein skrekkfilm der du tek utgangspunkt i det som skjer i utdraget.
- 4 La elevane lage ein boktrailer der dei presenterer utdraget frå Den tolvte spelaren eller heile boka. Dokker kan til dømes hente inspirasjon frå ein av disse boktrailerane, laga for å presentere andre bøker av Tor Arve Røssland:

- [www.youtube.com/shorts/CDEr9n8MmDE](https://www.youtube.com/shorts/CDEr9n8MmDE)
- [www.youtube.com/watch?v=jBK1qjbDzzI](https://www.youtube.com/watch?v=jBK1qjbDzzI)

Blei dokker hekta? Her er endå fleire ressursar frå bokserien Grøss og gru:

- [nynorsksenteret.no/ungdomsskule/skjonnlitteratur/gross-og-gru](https://nynorsksenteret.no/ungdomsskule/skjonnlitteratur/gross-og-gru)